

Nyheitsbrev 3.5.2018

Sogn og Fjordane Ungdomslag

WWW.SOFUL.NO
HTTPS://WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

For å sikre at lokallaga har innsikt i styresaker og prioriteringar har styret i SOFUL vedteke at alle referata frå styremøte skal gjerast tilgjengeleg for lokallaga.

Referata vil bli sendt ut på e-post til lokallaga. Referata vil òg bli lagt ut på <http://www.soful.no/soful/soful-i-media/>. På same nettstaden er årsmøtepapir, årsmøtereferat, pressemeldingar m.m. tilgjengeleg.

Styret oppmodar alle om å lese referata. Styret set pris på tilbakemeldingar, spørsmål eller innspel til saker! Desse kan de sende til christoffer@ungdomslag.no eller på mobil 48004817.

28-29. april var det landsmøte i Noregs Ungdomslag. Her deltok Hildegunn R. Gjelsvik (styreleiar SOFUL), Jorunn Sundal og Inge Masdal frå styret. Christoffer Knagenhjelm var til stade som gjest. SOFUL er godt nøgd med landsmøtet. I år var det om lag 100 delegatar. Det høgste talet på 20 år, eit teikn på at det skjer mykje spennande i ungdomslagsrørsla i Norge.

SOFUL kom med forslag til fråsegn om at regjeringa må evaluere spelemiddelordninga, som vart vedteke av landsmøtet. Fråsegna finn de her: <http://www.ungdomslag.no/artikkel/frasegn-evaluer-spelemiddelordninga/>

Noregs Ungdomslag vil òg få ny generalsekretær. Kai Roger Vatne tek over stillinga i juni etter Eli Ulvestad, som sluttar 31.mai. Vatne kjem frå Noregs Røde Kors kor han har vore seksjonsleiar, med ansvar for nasjonal beredskap og oppfølging av lokale hjelpekorps.

Eg legg òg ved pressemelding frå Huset i Bygda og Sparebankstiftinga om rekordmange søknader til ordninga for lagseigde kulturbygg. Behova som ordninga har avdekt, syner kvifor staten må auke støtta til lokale kulturhus (jf. fråsegn). Dette er noko som SOFUL/Huset i Bygda vil følgje opp framover.

Eg vil òg gjerne ha tilbakemelding om lokallag er interessert i vitjing av meg (på vegne av SOFUL), eller om de er interessert i å regionsamling i huset ditt (Huset i Bygda)!

Er det nokon som bør stå på e-postlista, eller vil du at fleire i ditt styre skal få nyheitsbrevet, meld frå òg eg vil legge dei til.



Nyheitsbrev 3.5.2018

Vedlegg:

[Referat, styremøte 19.4.2018](#)

[Pressemelding, lagseigde kulturbygg](#)

Med venleg helsing

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

Tlf.: 48004817

www.soful.no

www.facebook.com/SOFUL/

Sjå òg www.husetibygda.no og besøk oss på facebook

(<https://www.facebook.com/Huset-i-bygda-109117662448414/?fref=ts>)

